

# Midlertidig stilling som assistent



**Stillingsprosent – ca. 80% - ut dette skuleåret,** men med stor moglegheit for forlenging.

(Assistentane har fri i feriane. Men vi tilbyr ferieaktivitetar for elevane, i samarbeid med Midøy velforeining, så då kan det vere mogleg med meir arbeid.)

**Tilsettings dato: Snarast**

Søkarar med erfaring frå montessoriskule eller kurs / utdanning innan montessoripedagogikk vil bli prioritert.

Lønn etter avtale, og i samsvar med tariff. Ved tilsetjing må ein vise gyldig politiattest.

**Arbeidstid** kan variere, men vanleg arbeidsdag vil ha arbeidstid mellom kl. 8-15:30.

**Ønska kvalifikasjonar kan vere:**

Vernepleiar

Barne og omsorgsarbeidar

AMI-kurs for montessoriasistentar eller tilsvarande.



**Søknadsfrist 18. mars 2023**

**Før opp minst 2 referansar!**

**Søknaden sendast til: [post@midsundmontessori.no](mailto:post@midsundmontessori.no)**



Midsund Montessoriskule er ein skule for elevar frå 1.-7.klassetrinn, som starta opp i 2009. Vi er godkjent for 60 elevar, og til å drive etter montessoripedagogikken. Vi har derfor stort fokus på at tilsette skal ha eller få utdanning innan denne pedagogikken. Vi har elles fokus på å bruke fysisk aktivitet og naturen i læringa, og vi har godt samarbeide med «Inn på tunet garden» Akslaugaen gard. Vi er opptatt av å skape gode relasjonar .



Midsund er eit lite øysamfunn, som i januar 2020 blei ein del av Molde kommune.

Her bur ca. 2000 innbyggjarar. Er du glad i fjell og sjø, så er dette plassen for deg. Her er du omgitt av vakker natur, og gode moglegheiter for friluftsliv og ulike idrettar! Vi har også ein aktiv kulturskule. Du kan sjå meir om skulen og kommunen på facebook og vår nettside. Du kan sjå <https://portalmidsund.no/> for meir info om vårt vakre øysamfunn på Romsdalskysten.



**For meir info: Ta kontakt!**

**Midsund Montessoriskule: 909 57 520**

**Rektor; Lillian Blø Rakvåg: 911 90 197**

**Mail: [post@midsundmontessori.no](mailto:post@midsundmontessori.no)**

